

Visitasedrag

Visitas i Forsand, 16.-21 september 2025

Berge, Lyse, Fossmork, Haukali, Espedalen, Helle, Rossavik.

Fjorden og fjella.

Sentrum, Fossanmoen og grendene omkring

Denne veka har eg blitt betre kjent i Forsand.

Hit reiser folk frå heile verda for å oppleve naturen, og så finst *de* her: Eit levande og sterkt lokalsamfunn, med 61 lag og foreiningar med Forsand i namnet, 1012

innbyggjarar, 782 kyrkjemedlemmar og ein dugnadskultur som skapar ei imponerende bygd og ein kyrkjelyd eg blir svært takksam for.

Ein bispevisitas er til for å sjå.

Når me er på visitas, vil me bli kjende med kyrkjelyden, stoppa opp og reflektera over kva som no er gleder og utfordringar, sjå kva som er viktig vidare og takka for alt som her og no er velsigna. I møtet med dykk er det velsigninga og takksemda som sterkast festar seg.

Tusen takk til Siv, Ole Wollert, Irene, Hege og Jennifer.

De er godt vertskap, både for oss som kjem på visitas, men ikkje minst for alle som har kyrkja i Forsand som fellesskap.

Kyrkjelyden her er ein stad å finna trusfellesskap, tenestefellesskap, omsorg, praktisk hjelp, høgtid og kvardag. De er kyrkjelyd for små og store, innflyttarar, flyktningar og alle som heiter det same som plassen dei bur og har høyrte til i generasjonar.

Det har vore flott å dela denne veka med dykk!

Tusen takk til sokneråd og alle andre som er med å skapa denne kyrkjelyden, gjennom gjevarteneste, barnegrupper, song, verksemd på bedehuset, sorggrupper, språkkafé, kyrkjekaffi og besøksteneste.

Her finst det mange fleire tilbod og eit mykje større kyrkjelydsarbeid enn ein kunne venta ut frå statistikk, fordi så mange engasjerer seg. De fortel gjennom kva de brukar tid på at kyrkja og alle ho er til for betyr mykje.

Me ser arbeidsglede, engasjement, ordentleg arbeid, omsorg, klokskap, innsats og tru. Det er flott å sjå kor fint det blir når dei som tek vare på kyrkja er vevd saman med folket i bygda over tid.

Gjennom visitasen

Tysdag

Me starta visitasen med stabsmøte – eller me starta med å bli kjent med kyrkjelyden gjennom «Kyrkja vår», soknet sitt planverktøy.

Alle sokn har tilgang på Kyrkja vår. Det gjev oversikt over kva aktivitet som finst i kyrkjelyden, korleis tala utviklar seg, kva som kjenneteiknar kyrkjelyden og kva soknet ønskjer å satsa på. Tanken er at dette verktøyet skal gje oss medvit om kor me er og setja i gang samtalar om kva som er viktig for oss no og framover.

De har jobba godt med Kyrkja vår i både teori og praksis.

Dette soknerådet vil

- samla kyrkjelyden til inspirasjon,
- møta flyktningane i bygda,
- gje eit rikt tilbod om barne- og ungdomsarbeid,
- styrka familien
- og utøva diakoni.

Innan diakonien er det både menighetsweekend, medvandarteneste, sorgarbeid, samlivskurs, forbøn fellesskap i Solstova, besøk og innsamling til misjon. Er det nokon som lurar på om kyrkjelyden er viktig for folk?

Forsand har også ein flott skule, med stabilt og godt personale. Skulen er sentral i elevane sin kvardag og held bygda saman. Samarbeidet mellom skulen og kyrkja er godt. Både skule og kyrkje har god rolleforståing i dette. Elevane deltek i skulegudsteneste – då er elevane med som deltakarar eller observatørar i noko som er «ekte kyrkjeleg». Når kyrkja kjem inn i skulen, skjer dette på ein profesjonell måte, der kyrkja bidreg med kunnskapsformidling og kulturopplevingar, innan ramma av skulen sine planar.

Midt på tysdag skulle me eigentleg ha vore i Øvre Espedal og opplevd Røssdalen, men det ville ikkje veret, så det blei ei vandring i området rundt kyrkja i staden. Her hadde me også med oss den ukrainske prestefamilien i bygda. Vandringa tok oss til Solstova på Forsandheimen, der me hadde bøn for bygda og møtte aktiviteten. For eit rom og for ein utsikt!

På kvelden møtte me soknerådet. Dei sette godt ord på både gleder og utfordringar i kyrkjelyden. Dei gler seg over eit stort og godt tilbod, flotte tilsette, god oppslutning blant barn og unge, fellesskap mellom ulike aldersgrupper, dugnadsvilje, godt samarbeid med bedehuset, gudstenester og kjekke møtepunkt gjennom året. Potensialet ligg i at fleire kan vera med og oppdaga at dei har noko å bidra med. Snart blir det Alphakurs, det kan vera ein flott arena for å utvida fellesskapet.

Torsdag

Torsdag fekk me lunsj på Joker Lysefjorden. Det er ein butikk med meir en daglegvarer. Det blei eit oppbyggjeleg møte med ein diakon utan snipp, eit godt eksempel på korleis å driva butikk kan omsetjast til gode gjeringar. Me fekk oppleve butikken som møteplass og høyra om varelevering med mykje omsorg, jobberfaring for ungdom, hjelp til turistar, konsertar, redningsaksjonar og god dagleg drift. Martin Luther streka under tanken på at me tener Gud gjennom det me gjer som vanlege menneske, her fekk me sjå korleis det kan skje i livet i ein butikk.

Me fekk også sjå styrka i bygda gjennom gjestebodet torsdag ettermiddag. Her var både ordførar, varaordførar og kommunedirektør, og dei fekk sjå mangfaldet av organisasjonar i bygda, skulen, skyttarlaget, bondelag, barnehagen, folkehjelp, idrettslag, grendelag, bedehus og fleire enn dei me rakk å snakka med. Me hadde gruppesamtalar om bygdeutvikling, møteplassar og samarbeid.

Me høyrer også om utfordringane etter endringane i kommunestrukturen. Det er dyrt og tek tid å reisa til Sandnes sentrum. Kollektivtilbodet dekkjer ikkje behovet. På nokre område er vegen til løysingar lengre.

Me hadde eit godt møte med kommunen i etterkant av gjestebodet. Her fekk me høyra at kommuneleiinga er klare over utfordringane og opptekne av å løysa dei. Dei er opptekne av næringsutvikling, logistikk og vil gjerne leggja så godt til rette som dei kan. Dei noterte seg innspel til korleis dei gode bygga bydelen har kan gjerast lettare å bruka. Ikkje minst er dei imponerte over kva ein får til i Forsand, i kyrkja og i frivillige lag- og organisasjonar. Bygda skil seg ut i kor godt dei tek imot nye.

Oppsummering

Me rekk ikkje å sjå alt på ei veke. Det er meir aktivitet og fleire som bidreg i kyrkjelyden og bygda enn dei som no er nemnt. I dag har eg fått møta konfirmantane og feira gudsteneste med dykk. Det er flott å sjå korleis kyrkjelyden lever!

Kyrkjelyden er mykje meir enn alt de får til. Det trengst møteplassar, arrangement og tiltak. Ein visitas kan festa blikket på planar, tiltak og tal, men eg set mest pris på korleis de viser at det viktigaste i kyrkjelyden finst i hjarta. Det finaste me opplever skjer når Guds kjærleik og nærvær får velsigna liva våre, i gudsteneste, fellesskap og møte mellom oss.

Varmen mellom folk i benkeradene er viktigare enn treverket. Bøn er viktigare enn planar. Å ta i mot kvarandre, omsorg og openheit for alle ber meir frukt enn ord på papir.

Kanskje visitasen aller mest bør sjå på det vesentlege, på hjarta i kyrkjelyden? Det er dette eg blir mest takksam for, for korleis de deler tru, bryr dykk om folk og vil vera kyrkje for alle i bygda, anten dei kjem sjeldan eller ofte, har mykje kristeleg erfaring eller ikkje, kjenner mest på tru eller tvil, synest livet er enkelt eller vanskeleg, er unge eller har levd lenge, snakkar norsk, ukrainsk eller, har eit anna morsmål.

Det er tru, håp og kjærleik som er umisseleg i ein kyrkjelyd.

Den perfekte kyrkjelyden finst ikkje. Å vera kyrkjelyd er å vera på veg. Det finst regnversdagar også. Me som representerer kyrkja har synlege feil og mykje som kan rettast på. Jesus kom med nåde og gav vanlege folk ei kall. Så i kyrkja skal me kunne vera med livet slik det er, med det me får til og det me ikkje får til, med det som er skjult og det som er ope, med glede og fortviling, håp og sorg, undring, lengt, bøn og lovsong. Så blir me møtt av han som er mykje større enn oss, som gjev seg sjølv til oss og samlar oss om seg.

Inn til Kristus, ut til alle!

Tusen takk for ei veke med dykk i kyrkjelyden på Forsand.